



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Astrid Bakke Haavik, 55 57 20 66

Vår dato  
26.03.2015  
Dykkar dato  
«REFDATO»

Vår referanse  
2015/683 432.0  
Dykkar referanse  
«REF»

«MOTTAKERNAVN»  
«ADRESSE»  
«POSTNR» «POSTSTED»

### Melding om oppstart av verneprosess for Lurefjorden og Lindåsosane som marint verneområde

---

Fylkesmannen i Hordaland melder med dette oppstart av arbeidet med å vurdere eit område i Lurefjorden og Lindåsosane som eit marint verneområde etter § 42 i naturmangfaldlova og kapittel VII i forvaltingslova. Dette er eit ledd i arbeidet med å verne eit representativt utval av norsk natur for kommande generasjonar. Innspel kan sendast til Fylkesmannen og frist for innspel til oppstartsmeldinga er 20. mai 2015.

---

#### Oppstart

Oppstartsmeldinga markerer starten på ein prosess som skal resultere i eit konkret verneforslag, med forslag til verneforskrift med vernereglar, avgrensing, og verneverdiar. Føremålet med oppstartsmeldinga er å gjere planarbeidet kjent og invitere alle partar til å delta i den vidare prosessen med å lage eit høyringsutkast til verneområde. Arbeidet blir gjennomført etter oppdragsbrev frå Klima- og miljødepartementet til Miljødirektoratet (28.03.2014) om å gjennomføre verneplanprosess for nokre utvalde marine område, og oppdragsbrev som gjekk til fylkesmannen frå Miljødirektoratet 11.04.2014.

#### Møte

Vi vil invitere alle partar og interesserte til informasjonsmøte i samband med oppstartsmeldinga. **Møtet vil finne stad 23. april 2015, kl 1900 på Kjelstraumen vertshus i Austrheim.** Møtetidspunktet *kan* bli endra, sjekk difor fylkesmannen si heimeside for nærare informasjon om dette. Vi inviterer foredragshaldarar til å halde innlegg om området og orienterer meir om prosessen framover. Det blir servert kaffi og noko søtt å bite i. Meir informasjon om møtet og lenke til påmelding finn de på Fylkesmannen i Hordaland sin nettstad: [www.fylkesmannen.no/marintvern](http://www.fylkesmannen.no/marintvern).

#### Prosess

Det er Fylkesmannen i Hordaland som er ansvarleg for å lage verneforslag og sende dette på høyring etter rammer sett av Miljødirektoratet. Etter høyringa vil Fylkesmannen utarbeide ei tilråding for vern som sendast til Miljødirektoratet for fagleg gjennomgang. Deretter sender Miljødirektoratet ei endeleg tilråding til Klima- og miljødepartementet som fremjar vedtak om oppretting av verneområde for Kongen i statsråd. Eit vernevedtak er ein kongeleg resolusjon, der verneforskrifta med tilhøyrande vernekart er dei juridisk bindande dokumenta.

## **Avgrensing og privat eigedom**

Avgrensinga inn mot kysten varierer avhengig av om kystlinja allereie er verna eller ikkje. Der det er eksisterande verneområde som går ut eller ned til sjøen, føreslår vi å trekke grensa slik at tidevassona blir inkludert. Elles føreslår vi at grensa i hovudsak blir trekt utanfor privat grunn (dvs. marbakken, 2 meters djup). Difor har vi ikkje sendt personleg brev til alle eigedommar som grensar til kandidatområdet. Melding om oppstart blir sendt til offentlege instansar, foreiningar og interesseorganisasjonar. Om de veit om fleire som vil ha interesse av å få informasjon, eller lurar på noko kan de gjerne kontakte oss, [fmhopostmottak@fylkesmannen.no](mailto:fmhopostmottak@fylkesmannen.no) eller på telefon 55 57 20 00.

## **Innspel**

Alle berørte partar blir oppmoda til å ta del i høyringa. Innspel kan du sende til Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 Bergen eller til [fmhopostmottak@fylkesmannen.no](mailto:fmhopostmottak@fylkesmannen.no). Merk saka med «Marint vern» og kva for område saka gjeld. Vi gjer merksam på at Fylkesmannen har ein offentleg postjournal og alle innspel blir registrerte i vår postjournal. **Frist for å kome med innspel til oppstartsmeldinga er 20. mai 2015.**

Med helsing

Stein Byrkjeland  
ass. miljøvernssjef

Astrid Bakke Haavik  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*